



**Erfaring:** Rømmebrød blir til på springande band.



# Den store bakedagen

Dei bakar heile året - til andre. Men ein dag før jul bakar dei til seg sjølve.

**Arne O. Lindahl**  
aal@hallingdolen.no

- Me legg alt i ei smørje og deler, smiler dagleg leiar May Solveig Hagen.

Laurdag var dagen komen. Dagen dei tilsette ved Leveld lefsebakeri har sett fram til sidan i sommar. Denne dagen møtest dei om morgonen og bakar til

seg sjølve. Fire slag, dei fire slaga som blir baka på lefsebakeriet året rundt; lefsekling, rømmebrød, gommokake og Leveld-lefse.

- Og då er det jul?  
- Åh, nei. Det held ikkje med fire slag. Me må bake heime og så, seier ho.  
- Kor mange?  
- I alle fall sju, og kanskje to-tre ekstra.

#### Tradisjon

Det er tolv bakarar, med deltid, i lefsebakeriet i tillegg til ein reinhaldar. Det er vorte tradisjon at dei er samla alle saman

ein laurdag før jul og bakar til seg sjølve. Då gjer dei unna noko av julebaksten på ein einaste dag.

- Grådigg kjekt, seier May Solveig Hagen.

#### Sosialt også

- Og så er det veldig sosialt å vere saman alle. Allereie om sommaren blir det prata om denne dagen. Me planlegg denne dagen tidleg slik at det skal passe for alle.

Det går unna i lefsebakeriet. Erfarne nevar veit kva dei skal gjere mens praten går. Dei har baka til jul sidan 1. september og

kanskje må dei halde på i romjula også for å fylle opp til nyttår.

#### Full fart

Frå Oslo og Drammen kjem folk for å hente julebakst. I tillegg er det mange hallingar som bestiller bakst i staden for å bake sjølve.

Det er høgt tempo på lefsebakeriet før jul. 1.500 lefser blir baka i veka og nok rømmebrød til å fylle 80 esker.

- Det er morosamt, og slitsamt på same tid, seier May Solveig Hagen.

- Blir de ikkje lei alle kakene når jula kjem?

- Lei? Åh, nei, det skal mykje til.

**Full bakst:** Sissel Gurigard og dei andre på Leveld lefsebakeri ordna fire slag til eige bruk sist laurdag.

**Bakarane:** Frå venstre May S. Hagen, Sissel Gurigard, Vigdis Torsethaugen, Anne Gerd Gudbrandsgard, Berit Snogsrud Buseth, Turid Bjerke og Asbjørg Etterlid. Til høgre Sigrid Haugen, Birgit Undebakke, Jorun Teksle Gurigard, Gro Simarud, Gunbjørg Bergaplass, Ågot Bergaplass, Ragnhild Luksengard.

